# HORDALAND SKIKRETSTING

## Idrettens hus - Brann stadion

## 3. juni 2023



PROGRAM OG SAKSLISTE

# Innholdsfortegnelse

1. PROGRAM SKIKRETSENS TING ........ 3

2. SAKSLISTE ........ 4

3. SAKENES BEHANDLING ........ 5

4. STYRETS ÅRSBERETNING ........ 9

5. LANGRENNSKOMITEENS BERETNING ........ 23

6. ALPINTKOMITEENS BERETNING ........ 37

7. HOPP- OG KOMBINERTKOMITEENS BERETNING ........ 45

8. LOVENDRING HORDALAND SKIKRETS ........ 45

9. REKNESKAP ........ 49

10. HANDLINGSPLAN MED ANLEGGSPLAN ........ 62

# 1. Program skikretsens ting

10.00 – 12.30: Fagmøter komité

12.30 – 13.10: Lunsj – På Idrettens hus

13.15 – 15.00: Kretsting Hordaland skikrets

## 2. Saksliste

1. GODKJENNING AV FREMMØTTE REPRESENTANTAR
2. GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
3. VAL AV:
    a. Møteleiar
    b. Referent
    c. 2 representanter til å underteikne protokollen
4. ÅRSBERETNINGAR STYRE OG KOMITEAR
5. LOVENDRING HORDALAND SKIKRETS
6. REKNESKAP
7. FASTSETTING AV LAGSKONTIGENT
8. HANDLINGSPLAN MED ANLEGGSPLAN
9. INNKOMNE FORSLAG
10. VAL

# 3. Sakenes behandling

SAK 1: GODKJENNING AV FREMMØTTE REPRESENTANTAR

**Vedtak:**

**Representantane sine fullmakter, kontrollert av skikretsstyret, godkjenner 15 stemmeberettiga representantar.**

SAK 2: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

**Vedtak:**

**A. Innkallinga godkjennast.**

SAK 3: VAL AV:

A. Møteleiar
Per Magne Kristiansen

B. Referent

Bernt Rusten – Adm. sjef Hordaland skikrets

C. 2 representanter til å underteikne protokollen

Lars Tennebekk
Knut Kettermann

SAK 4: ÅRSBERETNING STYRE OG KOMITEAR 2021 - 2023:

Sjå eigne vedlegg 4-7

**Framlegg vedtak:**
**Årsberetningar for perioden 2021 - 2023 godkjennast.**

SAK 5. LOVENDRING HORDALAND SKIKRETS

Endringane i lova er gjort for følgjande;
For alle fellesbestemmelser for norsk idrett (kjønnsfordeling, valgbarhet, habilitet, økonomi m.fl.) er det i all hovudsak lagt inn tilvising til NIFs lov i staden for at teksten i fastsetjinga synast i lova. Føremonet med dette er at kretsens lov ikkje treng å endrast kvar gong NIFs lov oppdaterast. Dette er fastsettingar som uansett gjeld heile norsk idrett, og som alle organisasjonsledd plikter å følgje

Fastsetjingar som er særeigne for skikretsen, for eksempel knytt til kretsens oppgåver, er uforandra frå førre lovendring.

Sjå Hordaland skikrets lov - vedlegg 8.

**Framlegg til vedtak:**

**Vedlagt lovtekst vedtas som ny lov for Hordaland skikrets gjeldande frå 03.06.2023**

SAK 6. REKNESKAP

Sjå rekneskapsrapportar – vedlegg 9

## Uttale revisor – Steinar Røthe:

## HORDALAND SKIKRETS

**Org.nr 983638945**

### Revisjon av rekneskap til Hordaland Skikrets 2021

Underteikna har revidert rekneskapet til Hordaland Skikrets for rekneskapsåret 2021. Rekneskapet består av balanse og resultatrekneskap for 2021. Styret og dagleg leiar i Hordaland Skikrets er ansvarleg for årsrekneskap, og at rekneskapet byggjer på rekneskapslova sine reglar om god rekneskapsskikk.
Årsresultatet for Hordaland Skikrets 2021 syner eit positivt resultat med kr.190.419,01 før finanspostar.
Resultatet er ført mot eigenkapital og ny eigenkapital etter dette er kr.1.244.460,11
Under revisjonen er det gjort kontroll av eit utval dokumentasjon, bankavstemming, prosjektrekneskap, kunde- og leverandørreskontro samt kontroll av diverse bilag.
Det er gjennomgåande god kostnadskontroll i Hordaland Skikrets, og det er eit oversiktleg rekneskap som vert lagt fram for godkjenning.
Eg rår til at årsmøtet godkjenner årsrekneskapet for Hordaland Skikrets for rekneskapsåret 2021.

### Revisjon av rekneskap til Hordaland Skikrets 2022

Årsresultatet for Hordaland Skikrets 2022 syner eit negativt resultat med - kr.164 583,76 før finanspostar.
Resultatet er ført mot eigenkapital og ny eigenkapital etter dette er kr.1.080.216,35

Under revisjonen er det gjort kontroll av eit utval dokumentasjon, bankavstemming, prosjektrekneskap, kunde- og leverandørreskontro samt kontroll av diverse bilag.
Det ser ut som at innbetalt eigenandel til reiser og opphald ikkje samsvarar med som er kostnadsført i rekneskapet. Styret bør vurdere om denne ordninga skal halde fram på dette nivået.
Det er gjennomgåande god kostnadskontroll i Hordaland Skikrets, og det er eit oversiktleg rekneskap som vert lagt fram for godkjenning.
Eg rår til at årsmøtet godkjenner årsrekneskapet for Hordaland Skikrets for rekneskapsåret 2022.

Voss 01. juni 2023
Steinar Røthe

**Framlegg til vedtak:**
**Rekneskap for 2021 og 2022 godkjennast.**

SAK 7. FASTSETTJING AV KONTINGENT FOR LAGA

**Framlegg til vedtak:**
**Kontigenten vert halde uforandra sidan sist justering i 2015, gjeldande frå 2016.**

SAK 8. HANDLINGSPLAN MED ANLEGGSPLAN

Vedlegg 9.

**Framlegg til vedtak:**
**Handlingsplan med anleggsplan for perioden 2023 – 2025 vedtas.**

SAK 9. INNKOMNE SAKER
Ingen innkomne saker.

SAK 10. VAL
Valkomiteens innstilling på kandidater til skikretsens styre og komitear.

Vedlegg 10.

**Valkomite**

Styrets framlegg til medlem i valkomiteen for perioden 2023 – 2025:
Lars Tennebekk – Loddefjord IL leiar – attval
Stig Gunnar Røthe – Voss IL medlem – attval
Kjersti Brattebø – Osterøy IL medlem – ny

**Framlegg til vedtak:**

**Føreslegne medlem i styret, komitear og valkomité for Hordaland skikrets i perioden 2023 - 2025 godkjennast av delegatane.**

# 4. Styrets årsberetning

Vedlegg 4

## Årsberetning styret Hordaland skikrets for perioden 2021-23

### Visjon og verdier

Hordaland Skikrets bygger sin aktivitet på Norges Skiforbunds visjon og verdier. Desse er:
**Visjon:**
NSFs visjon er "***mange, gode og glade skiløpere***"
**Verdier:**
NSFs verdier er: "***Organisasjonen skal preges av frivillighet, demokrati, lojalitet og likeverd. All skiaktivitet skal bygge på grunnverdier som glede, felleskap, helse og ærlighet".***

### Hordaland Skikrets sine hovudmål er:

- *Å skape skigleda for born og unge i Hordaland.*
- *Å tilby kompetanseheving for klubbane.*
- *Å vera ein støttefunksjon og fungere som eit bindeledd for klubbane i Hordaland for at desse skal kunne drive sin aktivitet på ein best mogleg måte.*
- *Å leggje til rette for våre skiløparar som ynskjer å konkurrere på et høgt nivå.*
- *Hordaland skikrets skal nytte sin posisjon til å påverke og fremje saker til det beste for skikretsen.*

### Styret:

I perioden 2021-2023 har hovudstyrets samansetning vore slik:

| **Funksjon** | **Navn** | **Lag** |
|---|---|---|
| Leiar | Johan Børsheim | Ulvik IL |
| Nestleiar | Fredrik Hald | Bergens skilag |
| Medlem | Siri Titland Martinsen | Fana IL |
| Medlem | Hege Alfstad | TIF Viking |
| 1. Varamedlem | Øistein Jensen | Fana IL (fast oppmøte) |
| | | |
| Leiar AK | Bård Seterås | Fana IL |
| Leiar HKK | Magne Sørestrand | Eldar IL |
| Leiar LK | Trond Lefdal | Fana IL |
| Kontakt FK | Camilla Søreide | Voss freestyleklubb |

# SESONGEN 2021 - 2022

## Styrearbeid

Det er avhalde 7 styremøte og 1 arbeidsutvalsmøte i perioden. 5 av møta var i Bergen medan 3 møter var digitale møter. Administrasjonssjef har deltatt på styre- arbeidsutvalsmøta.

I sesongen 2021-22, vart det ikkje arrangert haustmøte sidan kretstinget vart arrangert 26. august, som gjorde at det fungerte som haustmøte. Vårmøte vart arrangert 2. juni 2022.

Nasjonale møter:
NSF arrangert i oktober 2021 haustmøte i Oslo. Her var leiar Johan Børsheim og nestleiar Fredrik Hald med frå skikretsen. I juni 2022 arrangerte NSF Skitinget med fagmøter. Her stilte Hordaland skikrets med styrerepresentantar på både fagmøta og som tingdelegatar.

Utval av saker som styret har prioritert i perioden:

- Rekruttering til skisporten. Styret beslutta å sette i verk eit rekrutteringsprosjekt som kombinerte både fagleg innhald og oppsøkande møter med klubbane hausten og vinteren 2020-21. i 2021-22 vart dette fulgt opp med anleggsbesøk og aktivitet for rekruttering. (Sjå arrangement).
- Styret sitt arbeid vart også prega av den omtalte «hoppsaka», hausten 2021. To medlemmar i hopp- og kombinertkomiteen trekte seg frå verva i komiteen grunna konflikten. Styret opplevde denne saka som belastande både i forhold til korleis saka prega heile skiforbundet, men også grunna den lokale uroen rundt dette. Saka fekk si løysing hausten 2021, men det var mykje saksgrunnlag og ein evaluering av heile saka, som kretsane vart orienterte om gjennom sesongen.
- Anlegg: Ei prioritert oppgåve for styret har vore anleggsutvikling med fokus på rekruttering til skisporten. Dette har vore priortert gjennom anleggsbesøk og designhjelp til både skianlegg og rulleskianlegg. Både Marianne Myklebust og Marit Gjerland frå NSF har vore bidragsytarar til klubbane gjennom styret si prioritering av dette arbeidet.
- Gjennom fleire år har også styret prioritert ei parallell satsing på Bergen innanfor anleggsutvikling. Dette er organisert gjennom prosjektet 1-2-3 Ski i Bergen, som starta opp i 2018. Det er også NSF engasjert i gjennom anleggsrådgivar Marit Gjerland.

- Fokus på breiddearbeid lokalt, og i NSF sentralt. Under Skitinget i Molde i juni 2022, så la Hordaland skikrets i lag med kretsane Sogn og Fjordane og Oppland skikrets fram ei sak om oppretting av eigen breiddeavdeling i NSF. Dette skulle vere ei greinuavhengig avdeling som arbeider for breidde og rekruttering i Skiforbundet. Dette medførte følgande gledelege vedtak under skitinget:

Vedtak:
Skitinget ber skistyret ta ansvar for det grenuavhengige rekrutteringsarbeidet, samt koordinere rekrutteringsarbeidet på tvers av gren og krets. Dette bør organiseres på følgende måte:
*Opprette en avdeling under «Fellesfunksjoner» med eget budsjett, som har ansvar for bredde- og rekrutteringsarbeid på tvers av gren. Avdelingen gis følgende oppgaver:*
- Nasjonalt ansvar for den grenuavhengige rekrutteringen.
- Koordinere rekrutteringsarbeid på tvers av gren og krets.
- Rapporterer til generalsekretær på måloppnåelse i henhold til strategiplaner.
- Har personalansvar for alle administrasjonssjefer og skiklubbutviklere i kretser. Avdelingen tildeles de nødvendige ressurser og skal fremstå med separat budsjettpost i NSFs regnskap og budsjett.

Vedtaket er eit viktig bidrag for forankring nasjonalt innanfor eit område som styret i Hordaland skikrets har lagt vekt på i sitt arbeid for skisporten i Hordaland.

Dei nasjonale møtene, med haustmøte i Oslo oktober 2021 og Skitinget Molde juni 2022, vart arrangert som fysiske møter og markerte avslutningen på den utstrakte bruken av digitale møter som var praksis gjennom pandemien. Dei tillitsvalde i Hordaland skikrets har difor starta opp at med nokre fleire reiser i samband med nasjonale møter i komitear og styre i denne perioden.

**Eldsjela Magne Sørestrand**
Leiar i Hopp og kombinertkomiteen og medlem i styret i Hordaland skikrets vart i november 2021 overraska på Gullbotn, når Magne vart utnemnt til Fylkesvinnar i Vestland Idrettskrets som årets ildsjel. Han vart difor også kandidat til den Nasjonale prisen som vart utdelt under Idrettsgallaen i januar 2022. Fortent hyllest av eldsjela Magne Sørestrand Eldar IL.

## Administrasjon

Bernt Rusten er administrasjonssjef og har ansvar for alle fellesarrangement, nokre greinspesifikke arrangement, fellesreiser i greinene på nasjonale renn, administrasjon av terminlister, informasjon til TD'er og klubbar, tilrettelegging av styremøte og komitémøte, bestilling av reiser til nasjonale møter, trenarkurs og diverse sekretærfunksjonar for prosjekter som skikretsen er engasjert i.

Under sesongen 2021-22, så har mange av våre arrangement starta opp att etter opphald på både ett og to år grunna korona. Breiddesamlinga Sumarcamp vart avlyst også i 2021, medan haustcampen (breiddesamling alle greiner i september), starta opp att med ei fullstendig samling frå fredag til søndag med overnatting på Bømoen. I oppstart av tilboda som har vore avlyste ein eller to ganger gjennom dei siste åra, så har både administrasjon og skiklubbane fått ekstra arbeid med å gjenopprette og starte opp att tilboda i forhold til arrangør/friviljuge og rekruttering av deltakarar.

## Økonomi og sponsorarbeid

Skikretsen har utover i 2021 gått over til meir normal drift, men som følgje av restriksjonar rundt nasjonale renn med avlysingar av nasjonale renn for langrenn og alpint under vinteren 2021, så vart omsetninga for rekneskapsåret 2021 veldig lav. Utgifter som skikretsen normalt sett har for nasjonale renn vart ubrukte, som gav eit ekstra overskot for året. I forhold til møter, så vart heller ikkje våren 2021 gjennomført fysiske møter i NSF. Som eit resultat av dette brukte ikkje skikretsen midlar som normalt går til reise og opphald for styret og komiteane i samband med fagmøter og Skitinget, som vart gjennomført digitalt. Dette har gjort at reisebudsjetta for både nasjonale møter og nasjonale renn har vorte kutta for rekneskapsåret. Når det i tillegg har vorte ein sterk reduksjon i omfang av kretssamlingar, kretslag og reiser til nasjonale renn for skikretsen, så har det gjeve eit solid plussresultat. Det er ikkje eit mål for skikretsen å byggje meir eigenkapital, men det er positivt for klubbane at skikretsen har eit godt økonomisk fundament å byggje på dei neste åra.

**For rekneskapsåret 2021 gjekk skikretsen totalt med eit plussresultat på 190572,-** Dette går til eigenkapital i skikretsen.

Inntektene kjem i stor grad gjennom overføringar frå skiforbundet, medlemskontigent frå klubbane, støtte frå idrettsforbundet(idrettskrets), tildelt pott av overskot frå bingoentreprenør Max spill AS og momskompensasjon basert på skikretsens omsetningstal. Skikretsen har inntekter på antal startande løparar i terminfesta renn. Dette vert fakturert rennarrangørane som deltakaravgift. Dette er midlar som går direkte til dei aktuelle greinkomiteane.

Skikretsen har ingen langsiktige sponsoravtalar og det prega inntektene i 2021-22 med tanke på prosjekt og satsingane me ikkje fekk gjennomført grunna koronaperioden. Det vart difor sponsorinntekter for rekneskapsåret på totalt 60000,- , øyremerkt hopp og kombinert 10000,- og langrenn 50000,-

## Arrangement



Endeleg var haustcampen tilbake! 60 deltakarar var med i Bømoen - september 2021.

Hordaland skikrets har vore arrangør og medarrangør på fleire ulike arrangement i

inneverande periode. Her kan nemnast:

- Rulleskirenn og open treningsdag i Dale/Bergsdalen Open treningsdag for rekruttar og 11- 15 år og rulleskirenn med felles lunsj og fjelltur.
- Haustcampen 2021 – Helgesamling med ca 60 deltakarar mellom 11 og 15 år i alle skigreiner.

## Nasjonale arrangement i skikretsen

Hordaland skikrets har gjennom sesongen 2021-22 vore vertskap gjennom dei dyktige klubbane våre for fleire nasjonale konkurransar og meisterskap. Hopp arrangerte mellom anna to ulike nasjonale konkurransar i februar i 2022. Imponerande!

- Bulken IL arrangerte i februar 2022 NM i hopp junior kvinner.
- Eldar IL arrangerte i februar 2022 LO NC hopp i Bavallen med bakkerekord på 111 meter.
- Voss alpin arrangerte NM junior og FIS renn i alpint over 4 dagar i mars 2022.
- NM veka vart arrangert i mars 2022 i Myrkdalen med NM i telemark og NM i randonee. Her var Hordaland skikrets med adm. sjef med og hjelpte klubbane Framnes IL og Viljar og Voss randonee med praktiske gjeremål rundt arrangementet.



Flotte arrangement med hopp i både Tunåsen og Bavallen, der også Voss alpin laga til NM junior og fis-renn over 4 dagar. NM-veka i Myrkdalen gav Hans Inge Klette – Viljar IL gull i både sprint og individuell i randonee.

## Andre arrangement gjennomført av skikretsen

**Anleggs- og aktivitetsbesøk.**
Som ein innledning til sonebesøk og ein rundtur i ulike anlegg, så arrangerte skikretsen eit webinar om rekruttering i desember 2021. Her var fokus tilrettelegging for rekruttering med enkle grep. Webinaret vart leia av Marianne Myklebust, som i februar tok turen til skikretsen.






Gjennom 4 dagar i februar 2022 gjennomførte skikretsen i lag med Marianne Myklebust både anleggsbesøk og inspirasjonsbesøk til klubbane med fokus på rekruttering og tilrettelegging for god bruk av anlegga for dei yngste. Dette var ein fin oppfølging frå rekrutteringskveldane året før, som var meir teoretisk innretta. Denne gang var det inspirasjon både i anleggsbesøka og i aktiviteten etterpå med klubbane sine ungar og trenarar/foreldre.

| Anleggs- og aktivitetsbesøk feb 2022 | |
|---|---|
| **Stad** | **Dato** |
| Totland – Bergen : | 21.feb |
| Korlevoll - Ullensvang | 22.feb |
| Tveitedalen - Kvinnherad | 23. feb |
| Sjusete - Kvam | 24. feb |
| Totræna – Samnanger | 24. feb |

Webinaret og klubbesøka vart fulgt opp med gode konkrete tips, som vart sendt ut til klubbane i ettertid.

## Utdanning/kurs

I perioden har følgande kurs- /utdanningstiltak vorte arrangert:

- Trampolinetrener freestyle september 2021
- TD og arrangørkurs langrenn webinar desember 2021
- TD og arrangørkurs alpint desember 2021
- Grasrottrenerkurs langrenn mars 2022
- Webinar spelemiddelsøknad skianlegg – Vestland fylkeskommune mai 2022

## Informasjon, marknadsføring og kommunikasjon

Styret og administrasjonens viktigste informasjonsplattformer er heimeside, e-post og sosiale media. Skikretsen bruker facebook aktivt til å marknadsføre informasjon og nyhetssaker på heimesida.

Skikretsen har vore flinke å arrangere både vår- og haustmøter med fellesinformasjon i tillegg til skigreinene sine fagmøter same stad. I sesongen 2021-22, vart det ikkje arrangert haustmøte sidan kretstinget vart arrangert så seint som 26. august, som gjorde at det fungerte

som haustmøte. 2. juni 2022, vart vårmøtet i skikretsen arrangert på Voss. Der var det både ein felles del etterfulgt av fagmøte i freestyle, langrenn og hopp/kombinert.

# SESONGEN 2022 - 2023

## Skiklubbutviklar Anne Lise Leiren Mastervik

Frå september 2022, så fekk Hordaland skikrets ein etterlengta ressurs, med sin eigen skiklubbutviklar i Anne Lise Leiren Mastervik ( 50% stilling). Skiklubbutviklarprosjektet er ei felles satsing i Norges skiforbund, som har gjeve alle kretsane ein ekstra ressurs til det viktige arbeidet, i samarbeid med skiklubbane, for auka rekruttering. Målet med stillinga er å:

- Utvikle skiidretten i alle NSF sine greiner og klubbane i skikretsen
- Støtte klubbane med råd og vegleiing i breidde- og rekrutteringstiltak gjennom klubbesøk
- Iverksette kompetansetiltak og trenarutdanning innanfor Skiforbundets utdanningstilbod
- Kompetanseutvikling i klubb gjennom klubbutvikling, styreutvikling og andre kompetansetiltak
- Anleggs-rådgjeving inn mot klubbar, spesielt retta mot basis- og rekrutteringsanlegg

Sjå meir om arbeidet til skiklubbutviklar i rapport frå skiklubbutviklar under.

## Styrearbeid

Det er avhalde 4 styremøter og 1 arbeidsutvalsmøte i perioden. Møta var i Bergen. Administrasjonssjef har deltatt på styre- arbeidsutvalsmøta og skiklubbutviklar Anne Lise Mastervik har deltatt på styremøta.

I perioden 2022-23, vart det avhalde haustmøte 4. oktober 2022 i Bergen. Her hadde langrenn også sitt fagmøte. Kretstinget for skikretsen går laurdag 3. juni 2023.

Utval av saker som styret har prioritert i perioden:
- Rekruttering til skisporten. Styret har prioritert dette arbeidet, og det har fått ytterligare styrke med ansettelse av vår skiklubbutviklar.
- Anlegg: Ei prioritert oppgåve for styret har vore anleggsutvikling med fokus på rekruttering til skisporten. Gjennom og gjennom anleggsprosjektet 1-2-3 Ski i Bergen.
- Finansiering: Styret har hatt fokus på finansiering av aktiviteten i skikretsen. Gjennom perioden har ein søkt samarbeidsavtalar med potensielle sponsorar og samfunnsnyttige midlar til rekrutterings- og breiddearbeid inkludert skiklubbutviklarprosjektet som skikretsen betaler ein eigenandel for kvart år. Dette er eit krevjande arbeid og noko som styret arbeider med kontinuerleg.

- Fokus på breiddearbeid for å hindre fråfall. Styret bevilga ekstra midlar til greinene for gjennomføring av sosiale samlingar for aldersgruppa 13 – 16 år. Dette for å styrke motivasjonen og fellesskapet blant ungdomane etter lite samlingar for aldersgruppa under korongaperioden.

Nasjonale møter:
NSF arrangerte i oktober 2022 haustmøte i Oslo. Her var leiar Johan Børsheim og nestleiar Fredrik Hald med frå skikretsen. I tillegg var Magne Sørestrand på fagmøte hopp, Trond Lefdal fagmøte langrenn og Knut Kettermann på fagmøte i alpint.

Verv i NSF frå styret:
Under NSF Skitinget 2022, så vart nestleiar i styret Fredrik Hald gjenvalgt som nestleiar i Etisk komite i NSF. Medlem i styret Siri Martinsen vart valgt inn i kontrollkomiteen i NSF.

## Administrasjon

Bernt Rusten er administrasjonssjef og har ansvar for alle fellesarrangement, nokre greinspesifikke arrangement, fellesreiser i greinene på nasjonale renn, administrasjon av terminlister, informasjon til TD'er og klubbar, tilrettelegging av styremøte og komitémøte, bestilling av reiser til nasjonale møter, trenarkurs og diverse sekretærfunksjonar for prosjekter som skikretsen er engasjert gjennom.

Gjennom sesongen 2022-23, har adm.sjef brukt ein god del ressurs på oppfølging av anleggsprosjekta og spesielt 1-2-3 Ski i Bergen. Her har det vore oppfølging av møter og innspel/oppfølging både politisk og administrativt mot Bergen kommune. Prosjektet har gjennom perioden opplevd god respons politisk i Bergen kommune og ekstra midlar er bevilga til investering i skianlegg i kommunen.

Gjennom ansettelse av skiklubbutviklar og innkjøp av skileikelement, så har det vorte fleire besøk for adm. sjef i ulike anlegg med frakt av både utstyr og arbeid med aktivitetstilbod for ungane. Samarbeidet med skiklubbutviklar har vore givande for adm. sjef.

Dei nasjonale renna har kome skikkeleg i gang att og gjennom 2022-23 sesongen har det vore god deltaking frå Hordaland skikrets under nasjonale renn. Fellesreisene frå hordaland har adm. vore med å organisert gjennom dei ulike komiteane.

## Rapport skiklubbutviklar

Skiklubbutviklar starta i 50% stilling september 2022.

Ila sesongen har Anne Lise delteke på fleire barmarkssamlingar. Bla Haustcampen på Voss, samling i Fana, langrenn og greinuavhengig samling på Voss. Alle samlingane har vore vellukka. Det er spesielt kjekt å sjå korleis dei ulike greinene kan dra nytte av kvarandre sin metodikk. Dette vil me byggje vidare på.

Skiklubbutviklar har også vore med på Styremøte i ett idrettslag. Det er særs nyttig å vere med på slike møte. Ho har også delteke på styremøte til hovudstyret i kretsen. For komande periode er det

naturleg at komiteane også har med skiklubbutviklar i arbeidet med rekruttering og lavterskel arrangement.

NSF sitt nye rekrutteringskonsept SKISPRELL, har vore grunnkjerna i aktivitetane i vinter. Dette er eit rekrutterings- og anleggsprosjekt som NSF ynskjer å byggje vidare på. I Hordaland skikrets vart spørjeundersøkjinga, sendt ut til både deltakande og ikkje deltakande klubbar. Resultata syner ei utelukkande positiv haldning til SKISPRELL. For sesongen 2023/2024 håpar me på endå fleire deltakande klubbar. Årsaka til at den også vart sendt til ikkje deltakande klubbar var for å få tilbakemelding på årsaker til at klubben ikkje valde å vere med. Me fekk ingen slike tilbakemeldingar. SKISPRELL kan gjennomførast både på ski og på barmark.

Skiklubbutviklar har vore på 4 anleggsbesøk, i samband med vidareutvikling og justering av eksisterande anlegg. Med på befaringa var også Marianne Myklebust, skileikekspert i NSF og Bernt Rusten.
Fylgjande anlegg vart besøkt: Gullbotn (Gullfjell IL), Totræna (Samnanger IL), Drevtjørn (Ulvik IL) og Haugsåsen (Granvin IL).
Samtlige klubbar fekk tilsendt ein grundig rapport, utarbeida av Marianne og Anne Lise, på korleis anlegga kan gjerast endå betre og meir tiltrekkjande for komande generasjonar, foreldre og andre.

Skiklubbutviklar har også vore til Ål på BAMA-festivalen. Under Ridderveka hadde NSF v/ Anne Ragnhild Kroken, i samarbeid med 4 av skiklubbutviklarane aktivitetar på eit eige område. Begge desse arrangementa var både nyttige og lærerike.
I vår fekk me førespurnad frå Bergen kommune / Idrettsrådet om å bistå til L-I-M prosjektet ved Slettebakken skule (Lekser – Idrett – Mat) Dette er eit tilbod etter skuletid, men der lærar likevel har eit ansvar for å fylgje ungane til aktivitet. Målet er at barn skal bli kjendt med ulike idrettar. Me var der 7 gonger og introduserte rulleski-miniski aktivitet for ungane. Etter publisering på SOME var det også andre skular som vart interessert. Haus skule skal bla ha eit prosjekt ei veke i skuletida i mai/juni. I samband med prosjektet kjøpte skikretsen inn rulleski og skisko (totalt 20 par sko og 15 par rulleski) med støtte frå Idrettsrådet i Bergen. Både aktiviteten og utstyret gjev positive ringverknadar for rekrutteringsarbeidet.

Elles kan nemnast skiinstruksjon for vaksne. 2 kveldar i Samarbeid med Samnanger IL, Telenorkarusell på Maurset og med Fana IL, Kvammasprinten, KM (Vikingrennet), Fanarennet, smørjekurs, tilrettelegging av skileikområde, faglege samlingar og div. webinar.

Skiklubbutviklar har også gjennomført Trenar1 langrenn (Har tilsvarande frå tidlegare, men viktig å bli kjent med andre og få ei oppfriskning), Ren utøver, Skadefri og instruksjonskurs i Alpint for barn.

Kvar fredag / annankvar fredag er det felles Teams møte for alle skiklubbutviklarar.
Me rapporterer ganske detaljert kvar månad til Sven Håkon Kulbeck på arbeidet me gjer. Dette er både nyttig og viktig.

## Økonomi og sponsorarbeid

For året 2022 gjekk skikretsen i minus totalt sett. Dette var i stor grad planlagt og forventa. Dei store skilnadane frå 2021 til 2022 skuldast m.a. høgare kostnad på reise for styre og komitear. Dette er typisk for dei åra det vert arrangert Skiting. I tillegg har også Norges skiforbundet hatt fleire møter sentralt, som både styre- og komitemedlemmer har deltatt på, som også har vore tilfelle frå adm. med Bernt.

I tillegg har langrenn og alpint hatt høgare forbruk enn inntening. Dette har vore bevisst med tanke på å få i gang eit godt tilbod etter korona med lav aktivitet. Både alpint og langrenn har brukt ein større andel av midlane enn normalt på nasjonale renn.
Hopp har gode samarbeidsavtalar og driv nøktern, noko som har gjeve overskot for 2022.

Administrasjonsavdelingen har hatt mindre inntening enn tidlegare. Noko knytt til meir reising, men også kostnadar knytt til breiddesamlingar som tidlegare var økonomisk ein liten pluss i rekneskapen har nå vorte ein minus. Dette gjaldt spesielt Haustcampen, som hadde liten deltaking kontra tidlegare år. I tillegg hadde skikretsen mindre utbetalt gjennom momskompansasjonen enn tidlegare år grunna fall i omsetninga for 2021. Eigenandel av skiklubbutviklar er også ein utgift som starta hausten 2022.

**For rekneskapsåret 2022 gjekk skikretsen totalt med eit minusresultat på 164584,-** Dette trekkjer frå eigenkapitalen til skikretsen, som ligg på ca. 1 million etter 2022.

Inntektene kjem i stor grad gjennom overføringar frå skiforbundet, medlemskontigent frå klubbane, støtte frå idrettsforbundet(idrettskrets), tildelt pott av overskot frå bingoentreprenør Max spill AS og momskompensasjon basert på skikretsens omsetningstal. Skikretsen har inntekter på antal startande løparar i terminfesta renn. Dette vert fakturert rennarrangørane som deltakaravgift. Dette er midlar som går direkte til dei aktuelle greinkomiteane.

Skikretsen har ingen langsiktige sponsoravtalar og det prega inntektene i 2021-22 med tanke på prosjekt og satsingane me ikkje fekk gjennomført grunna koronaperioden. Det vart difor sponsorinntekter for rekneskapsåret på totalt 45000,- , øyremerkt hopp og kombinert 20000,- og langrenn 25000,-

**Sparebanken vest** kom med viktig støtte til skikretsen med 100000,- (33000,- i 2022) og (67000,- i 2023) til innkjøp av orgeltramp og minihopp, samt innkjøpt materiell for skisprellarrangement rundt i skikretsen. Her fekk fem arrangørar aktivitetsutstyr til gjennomføring av rekrutteringsarrangement i klubb/sone. Orgeltramp og minihopp har skikretsen på eigen tilhengar, som me har nytta i samarbeid med klubbane til stor glede i ulike anlegg i hordaland gjennom sesongen. Anleggselementa er ein fin aktivitetsskapar og ein god ressurs for skikretsen framover. Desse kan også brukast med rulleski for barmarksaktivitetar.

## Arrangement


Haustcampen er populær og allsidig - spesielt i dei yngste årsklassane. I 2022 var det 45 deltakarar med i Bømoen mellom 11 – 13 år.

Hordaland skikrets har vore arrangør og medarrangør på fleire ulike arrangement i inneverande periode. Her kan nemnast:

- Sumarcamp i Jondal for langrennsungdomar mellom 11 – 15 år
- Haustcampen 2022 – Helgesamling med ca 45 deltakarar mellom 11 og 15 år i alle skigreiner. Dei eldste årsklassane (14 og 15 år) hadde tett program og var ikkje med på årets utgåve.
- Open paraaktivitetsdag med rulleski og basistrening laurdag 1. oktober. Her vår både blind/svaksynte og parapiggarar med på dagen. Veldig fint arrangement og 10 deltakarar var med. Samarbeid med NSF og Anne Ragnhild Kroken.

## Nasjonale arrangement i skikretsen

Hordaland skikrets har gjennom sesongen 2022-23 vore vertskap for Norgescup junior langrenn gjennom dei dyktige arrangørklubbane på Voss og Voss ski- og tursenter. Arrangementet i februar samla om lag 800 deltakarar som gjekk renn fredag, laurdag og søndag. NSF og langrennsavdelingen gav ros til arrangørane for organisering og gjennomføring av det store arrangementet.

Voss freestyleklubb arrangerte laurdag 25. mars NC i Slopestyle i Myrkdalen.

Vossaklubbane som arrangerte nasjonale hoppkonkurransar skulle også i 2022 vore arrangør i Bavallen, men måtte beklagelegvis utsettje dette grunna ei pågåande oppgradering i underrennet, som måtte utsettjast til sommaren 2023.


Flotte dagar i Voss ski- og tursenter februar 2023 med NC langrenn for junior.

## Andre arrangement gjennomført av skikretsen

**Anleggsbesøk i skikretsen.**
Gjennom to ulike besøksrundar, så gjennomførte Hordaland skikrets 10 anleggsbesøk i 8 ulike anlegg sommaren og hausten 2022. Desse anlegga vart besøkt med Marit Gjerland – anleggsrådgivar NSF i juni 2022:

- Gullbotn
- Framnes
- Bavallen hoppanlegg
- Totræna
- Tveitedalen
- Fjellhaugen

Besøka var kartlegging av anlegga og planar for anleggsutvikling. Alle anlegga fekk ei oppfølging i etterkant og tilbod om bidrag innanfor ulike behov og ynskjer. Inspirerande å besøke anlegg og sjå alt det friviljuge arbeidet som vert gjort rundt i skikretsen for å tilby best mogleg forhold for skisporten.

I november 2022, var det 4 anlegg som fekk besøk. Denne gang var vår skiklubbutviklar med på besøka i lag med Marianne Myklebust NSF, som er ekspert på skileik, basisanlegg og design av trasear/områder. Sjå meir om besøka under rapport skiklubbutviklar.



Haustbefaring på Gullbotn. Eit av åtte anlegg som vart besøkt i 2022.

## Utdanning/kurs

I perioden har følgande kurs vore arrangert:

- Trener I alpint Jondal juni 2022
- Trener I langrenn september og januar 2022- 2023
- TD og arrangørkurs langrenn webinar desember 2022
- Webinar spelemiddelsøknad skianlegg – Vestland fylkeskommune september 2022

-




Trener I kurs i langrenn hausten og vinteren 2022-23, med dyktige og inspirerande. Tom Erling Halvorsen

## Informasjon, markedsføring og kommunikasjon

Styret og administrasjonens viktigste informasjonsplattformer er heimeside, e-post og sosiale media, Instagram, TikTok og Facebook. Skikretsen bruker facebook aktivt til å marknadsføre informasjon og nyhetssaker på heimesida. Instagramkontoen vart oppretta hausten 2022. TikTok kontoen har Vilde Alfstad Olsen og Magnus H Hesjedal fått ansvaret for halda oppdater.

Skikretsen arrangere både vår- og haustmøter med fellesinformasjon i tillegg til skigreinene sine fagmøter same stad. I sesongen 2022-23, vart det arrangert haustmøte 4. oktober på

Idrettens hus – Brann stadion. Langrennskomiteen hadde her også sitt fagmøte. Kretstinget med fagmøtene for våren 2023 går laurdag 3. juni på Idrettens hus – Brann stadion.

# 5. Langrennskomiteens beretning

Vedlegg 5

# ÅRSBERETNING LANGRENNSKOMITEEN SESONG 2021/2022

Langrennskomiteen (LK) har hatt følgjande samansetning sidan august 2021:
Trond Lefdal, Fana IL (leiar)
Jan Erik Guldbrandsen, TIF Viking (medlem)
Emil Hosøy, Osterøy IL (medlem)
Kim Alexandra Krohn Runnane, IL Korlevoll-Odda (medlem)
Eivind Blinheim (medlem)

## 1. Komitearbeid

LK har hatt 3 møter sidan kretstinget i august. Ellers har me hatt korrespondanse på e-post og telefon. Eivind Blindheim representerer LK si rolle i styringsgruppa i Team Elon Vest. Leiar er med i styret i skikretsen og har deltatt på styremøtene der.

## 2. Kurs og Samlinger

Kurs

- Webinar rekruttering Marianne Myklebust desember 2021.
- Aktivitets/ inspirasjonskurs med Marianne Myklebust – Totland, Korlevoll, Tveitedalen og Sjusete. Februar 2022.
- Grasrottrenerkurs med Marit Bjørgen mars 2022.



Bilde frå grasrottrenerkurs med Marit Bjørgen 9. mars 2022.

Møter

- Haustmøte langrenn – 27. oktober 2021 Fleischers hotel. Deltaking fysisk og med teamsdeltaking. Fungerte veldig bra og fekk engasjert fleire som hadde for lang reiseavstand som i staden kunne vere med digitalt.
- Vårmøte langrenn 2. juni Voss gymnas.

Kretssamlinger

For andre år på rad vart Sumarcampen i Jondal avlyst.

Desse samlingane vart arrangert sommar og hausten 2021:

- Bergsdalen opp 20. juni. Samarbeid mellom Hordaland skikrets og Bergsdalen UL med rulleskirenn felles lunsj og fjelltur på ettermiddagen.
- Haustcampen – Voss i september for 11 – 15 år. Her var over 40 deltakarar frå langrenn, som er gledeleg antal deltakarar etter pandemiens begrensingar.
- Kretssamling Voss ski- og tursenter for 15 – 20 år 29. – 1. okt
- Jentesamling på Fanahytten i 30. oktober (13 – 16 år)



Kjekt med kretssamling på Voss, som inneholdt både myrfotball og avslutning av kretscupen på rulleski.

### 3. Kretscup/skirenn

Kretscupen vart i år også arrangert på sommarens og haustens rulleskirenn. Det var for å stimulera til auka deltaking over fleire rulleskirenn og skape litt meir status rundt sommarsesongens tilbod. Det vart noko fleire deltakarar på rulleskirenna, men kanskje ikkje så stor effekt som ynskt. Det var uansett kjekt å vere med å bidra til eit ekstra fokus, og gåvepremiane vart tekne godt i mot under finalen 1. oktober på Voss ski- og tursenter.

Kretsrenna våre fekk ein god start med Voss sparebankrennet, før snømangel laga utsetting av Jularennet og Røldalsrennet. Dette vart etterfulgt av manglande snø i store delar av skikretsen, som gjorde at det som vart arrangert av renn gjekk på kunstsnøen på Voss ski- og tursenter. Til og med KM på ski, som vart arrangert av Ulvik IL i slutten av januar, måtte nytte Voss ski- og tursenter som arrangørstad grunna snømangel. Etter dette kom endeleg snøen rundt i anlegga i Hordaland, men deltakartala for sesongen vart nok prega av manglande snø i desember/januar for resten av rennsesongen i Hordaland.

For årets sesong vart det invitert til ei nyvinning, når nabokretsane Agder og Rogaland og Sogn og Fjordane i lag med Hordaland inviterte til Vestlandsmeisterskap i langrenn same helga som finalen i kretscupen. Dette fekk gode tilbakemeldingar og er eit fint samarbeid med nabokretsane. Resultat frå Vestlandsmeisterskapet og årets kretscup finn de på heimesida til Hordaland Skikrets: https://www.skiforbundet.no/hordaland/aktuelle-saker/2022/3/vestlandsmeisterskap-og-sesongavslutning-langrenn/

4. **Nasjonale renn**

Sesongen og rennprogrammet for dei Nasjonale renna med dei ulike meisterskapa vart også i år prega av covidrestriksjonane. For Hordaland skikrets vart sesongens største renn med det planlagte NC junior arrangementet som skulle gått på Voss i midten av januar avlyst. Her vart det etablert eit erstatningsrenn, slik at dei Nasjonale renna gjekk som planlagt resten av sesongen.

For hordaland skikrets har det vore ei lita gruppe med juniorar som har reist på Nasjonale renn med fellessopplegg frå Hordaland. Dette har gjort at det ikkje har vore eit godt nok støtteapparat for desse på dei nasjonale renna. Det har allikevel vore løyst på ein god måte med samarbeid på tvers av kretsar/skular der dette har vore naturleg og ein har utnytta kompetansen til foreldra på desse reisene.





Under NM junior viste både gutane og jentene at dei er heilt i toppen i landet.

Både Team Elon Vest og Team Bauhaus har gjort ein flott jobb for våre seniorløparar som har deltatt på nasjonale renn. Dei har begge hatt støtteapparat og bidratt til at våre løparar har hatt konkurransedyktige ski og god oppfølging på alle norgescup-renn og NM.

Hovedlandsrennet

Sesongens hovedlandsrenn gjekk i Oslo, og ca 30 deltakarar frå Hordaland var med på renna i Holmenkollen i februar. Det er veldig gledeleg at skikretsen har så mange deltakarar med på dette aldersbestemte meisterskapet for 15-16 åringar.



Sjå forøvrig resultat frå Nasjonale renn under.

5. **Ungdomsstafetten**

LK organiserte og foretok uttak til Ungdomsstafetten i Holmenkollen for klassane 15 og 16 år. Hordaland deltok også i år med to lag. LK støttar dette arrangementet økonomisk. Utøvarane betaler ein eigenandel på 2000,- og resten dekker LK. Sjå eigen sak: https://www.skiforbundet.no/hordaland/aktuelle-saker/2022/3/stafettmoro-for-hordalandsloparar-i-holmenkollen/

Desse var med frå hordaland:

| | |
|---|---|
| Ane Sofie Røthe - Voss IL J15 | Thea Bay-Oterholm - IL Korlevoll - Odda J15 |
| Vårinn Johanson Hagen - IL Korlevoll – O | Hanne Martinsen - Fana IL J 16 |
| Emil Brattebø G15 - Bulken IL G15 | Tristan guldbrandsen - Tif Viking G15 |
| Markus Håheim - Voss IL G16 | Emil Namtvedt - Tif Viking G16 |

6. **Økonomi** (for rekneskapsåret 2021, og ikkje sesong)

Langrenn har normalt vore den avdelinga som har hatt høgast omsetning, men sidan dei fleste nasjonale renn vart avlyste for sesongen 2021, så vart rekneskapsåret prega av lav aktivietet. Avdelinga omsatte for 275000,- som gjekk til nokre nasjonale renn for seniorar og elles lokal aktvitet med kretslagstilbod.

Inntektene kom frå deltakaravgift på ca 35000,- (lavare enn normalt) 30000,- i støtte frå NSF og 50000,- i inntekt frå den viktige sponsoren vår Recover. Støtta frå Recover gjekk til både kretslagstilbodet og seniorsatsinga Team Bauhaus, samt kretscupen i langrenn.

Langrennskomiteen nytta inntektene til eigenandelar Team Elon Vest, gratis treningssamling og rulleskirenn i Bergsdalen/Dale, tilskot kretssamling Voss, tilskot jentesamling og premiar til kretscup ski vinter 2021 og rulleski hausten 2021. Kretslagstilbodet og Team Bauhaus med støtteapparat nasjonale renn.

Totalt gjekk langrennsavdelingen med 23000,- i underskot for 2021.

7. **Team Elon Vest**

Hordaland Skikrets er medeigar i regionlaget Team Elon Vest i lag med Agder og Rogaland Skikrets, Sogn og Fjordane Skikrins og Norges Skiforbund. Team Elon Vest er ein sjølvstendig driftseining som ikkje i noko særleg grad skal gå på bekostning av drifta til langrenn for øvrig. Langrennskomiteen bidreg med ein eigenandel på kr 10000,- for kvar løpar fra Hordaland, medan skiforbundet sentralt står for mestedelen av driftstilskotet.

